



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 30

(2000-2001)

Om lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven)

Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 21. desember 2000, godkjend i statsråd same dagen.

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen foreslår departementet å endre vallova slik at Posten får høve til å ta imot førehandsrøyster på andre stader enn på postkontor, landpostruter og institusjonar og ved ambulerande røystemottak. Forslaget er ei oppfølging av St.meld. nr. 37 (1999-2000) Om omlegging av Postens ekspedisjonsnett og drøftinga i Stortinget av denne omlegginga, jf. Innst. S. nr. 248 (1999-2000). Forslaget skal særleg sikre at veljarar i kommunar utan postkontor får høve til å førehandsrøyste i eigen kommune.

I *kapittel 2* blir det gjort greie for bakgrunnen for forslaget og høyringsprosessen.

Gjeldande rett blir gjennomgått i *kapittel 3*. Det følgjer av vallova § 33 at postrøysting kan gå føre seg på postkontor, på landpostruter eller på institusjonar der Posten har vedteke å ta imot førehandsrøyster. I tillegg har sjuke og uføre på nærmare vilkår høve til å førehandsrøyste der dei oppheld seg, jf. vallova § 36. Det er ikkje tillate å ha førehandsrøysting på postfilialar.

I *kapittel 4* blir det gjort greie for departementet sine vurderingar og forslag i høyringsnotatet. Forholdet til arbeidet i Vallovutvalet blir omtalt.

Synet hos høyringsinstansane blir gjennomgått i *kapittel 5*. Nærmast alle høyringsinstansane sluttar seg anten til lovforslaget eller har ikkje merknader til forslaget. Nokre instansar ønskjer ikkje førehandsrøysting på Post i Butikk.

Det endelege forslaget frå departementet blir omtalt i *kapittel 6*.

Kapittel 7 gir ein omtale av økonomiske og administrative konsekvensar av lovendringa.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Omstruktureringa av ekspedisjonsnettet i Posten

Posten Norge BA tok ved stortingsvalet og sametingsvalet i 1997 over ansvaret for å gjennomføre førehandsrøysting innanriks, bortsett frå på Svalbard og Jan Mayen, jf. Ot.prp. nr. 3 (1996-97) og Innst. O. nr. 32 (1996-97). Alt på dette tidspunktet var det klart at Posten stod framfor omfattande omstruktureringar av ekspedisjonsnettet i perioden 1996-1999. Posten gjennomfører no ei ytterlegare omlegging av ekspedisjonsnettet, jf. St.meld. nr. 37 (1999-2000) Om omlegging av Postens ekspedisjonsnett og Innst. S. nr. 248 (1999-2000). Det framtidige nettet vil etter det som er opplyst bli organisert med 330 ordinære postkontor (som vil bli oppgraderte til Posthandel med eit utvida tenestetilbod) og 30-50 Posten Bedrift drivne av Posten sjølv, og med minimum 1100 postfilialar/kontraktspostkontor (Post i Butikk og/eller offentlege servicekontor) drivne av samarbeidspartnarar. Iverksetjinga av den nye ekspedisjonsstrukturen startar i første halvdel av 2001 og skal vere fullført etter om lag eitt år. Godt og vel halvparten av kommunane i landet vil vere utan postkontor drivne av Posten sjølv etter at omstruktureringa er gjennomført. I desse kommunane vil det i staden bli etablert Post i Butikk og/eller offentlege servicekontor supplerte av landpostteneste.

Kommunal- og regionaldepartementet meiner det er viktig å sikre at det finst minst éin stad i alle kommunar i landet der dei veljarane som ønskjer det, kan gå for å førehandsrøyste ved stortingsvalet og sametingsvalet i 2001. Utan lovendring vil dette berre vere tilfellet i kommunar med ordinært postkontor (Posthandel). Med denne proposisjonen følgjer departementet opp føresetnadene i St.meld. nr. 37 (1999-2000) og Innst. S. nr. 248 (1999-2000), der fleirtalet i Samferdselskomiteen går ut frå at det blir etablert ordningar som gir veljarane høve til å førehandsrøyste.

2.2 Høyringa

Departementet sende eit notat med forslag til endring i vallova på høyring 19. juli 2000. Høyringsfristen vart sett til 19. oktober 2000. Desse instansane og organisasjonane vart bedne om å komme med eventuelle merknader:

- Departementa
- Fylkesmennene
- Fylkeskommunane
- Kommunane
- Registrerte politiske parti
- Akademikerne
- Landsorganisasjonen i Norge
- Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- NAVO - Norsk Arbeidsgiverforening for Virksomheter i Offentlig Tilknytning
- Kommunenes Sentralforbund

Om lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven)

- Institutt for samfunnsforskning
- Norges Handelshøgskole
- Universitetet i Tromsø
- Kommunedata A/L
- IBM
- Ephorma
- Wang Global
- Sentralkontoret for folkeregistrering
- Statistisk Sentralbyrå
- Sametinget
- Posten Norge BA
- Sem og Stenersen Prokom AS
- Norsik A/S
- Norsk Markedsanalyse Forening
- Norsk Presseforbund
- NRK
- TV2
- NTB
- Vallovutvalet

Departementet har innan fristen motteke svar frå:

- 12 departement
- 7 fylkesmenn
- 9 fylkeskommunar
- 57 kommunar
- Akademikerne
- Ephorma
- Kommunedata A/L
- Kommunenes Sentralforbund
- Landsorganisasjonen i Norge
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Posten Norge BA
- Sem & Stenersen Prokom AS
- Skattedirektoratet
- Statistisk sentralbyrå
- Vallovutvalet

2.3 Departementet sitt framlegg til lovendring

Forslaget til lovendring som var på høyring er endra på eit punkt. Lovendringa vil gjere det mogleg å opprette førehandsrøystestader i høvelege kommunale lokale, til dømes på kommunehuset eller på offentleg servicekontor. Dette inneber at Posten må ta kontakt med kommunane for å komme til semje om å arrangere førehandsrøysting i eit kommunalt lokale.

3 Gjeldande rett

Det følgjer av vallova § 33 at postrøysting kan gå føre seg på postkontor, på landpoststruter eller på institusjonar der Posten har vedteke å ta imot førehandsrøyster. Alle veljarar har høve til å førehandsrøyste på postkontor. Landpostbod tek først og fremst imot røyster frå dei veljarane som bur langs ruta. Institusjonsrøysting tek sikte på dei av veljarane som har tilknytning til institusjonen, til dømes ved at dei er innlagde eller bur på institusjonen. Røysteføre som ikkje har høve til å gi førehandsrøyst til landpostbod, kan dessutan gi røyst til ein røystmottakar der dei oppheld seg, dersom dei er sjuke eller uføre og av den grunn ikkje vil vere i stand til å møte fram i eit vallokale på valdagen, jf. vallova § 36. Posten skal nemne opp røystmottakarane blant sine tilsette, jf. vallova § 32 bokstav a.

I samband med innføringa av postrøystinga vart det vurdert å opne for førehandsrøysting på såkalla postfilialar, det vil seie butikkar, bensinstasjonar o.l. som utfører enkelte posttenester. Etter ei samla vurdering, der det blant anna vart lagt vekt på 1) at dei ordinære postkontora til så lenge ville kunne tilby eit godt utbygd nett av førehandsrøystestader, 2) at ein ville hauste erfaring med korleis førehandsrøystinga fungerte på postkontor og 3) at røysting på butikkar, bensinstasjonar og liknande vart rekna som mindre høgtidleg enn røysting på postkontor, kom departementet til at det førebels ikkje var aktuelt å opne for røysting på postfilialar. Kontroll- og konstitusjonskomiteen i Stortinget slutta seg i Innst. O. nr. 32 (1996-97) til synet i departementet om ikkje å opne for postrøysting på postfilialar på dette tidspunktet.

4 Vurdering og forslag frå departementet i høyringsnotatet

I samband med stortingsvalet og sametingsvalet i 1997 vart førehandsrøystinga innanriks, bortsett frå på Svalbard og Jan Mayen, for første gong gjennomført som postrøysting. Formålet med reforma var å gjere det enklare for veljarane å førehandsrøyste ved at det vart høve til å røyste på fleire stader med til dels utvida opningstid. Samtidig håpa ein at innføring av postrøysting ville ha ein positiv effekt på valdeltakinga. Det var om lag dobbelt så mange som førehandsrøysta ved stortingsvalet i 1997 som ved stortingsvalet i 1993. Det same var tilfellet ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 1999 samanlikna med valet i 1995.

Ved stortingsvalet og sametingsvalet i 1997 var det mogleg å førehandsrøyste ved om lag 1700 postkontor, og ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 1999 var talet om lag 900. Ved valet i 1999 var det fem kommunar som ikkje hadde ordinært postkontor som følgje av omstruktureringa av ekspedisjonsnettets i Posten. Når den pågåande omstrukturingsprosessen er ferdig, vil det etter det Posten opplyser vere 226 kommunar som ikkje vil ha eit ordinært postkontor i kommunen.

I høyringsnotatet vart det oppgitt at Posten ville redusere talet på ordinære postkontor til 300-450 i 2001. Dette talet var henta frå St.meld. nr. 37 (1999-2000). I ettertid har det vorte klart at Posten tek sikte på å minske talet på ordinære postkontor til 330 innan utløpet av første halvdel 2002. Gjennomføringa startar 1. mars 2001. Dei nedlagde postkontora vil bli erstatta med postfilialar/ kontraktspostkontor drivne av samarbeidspartnarar (Post i Butikk og/eller offentlege servicekontor). Til så lenge vil landposttenesta bli halden oppe på same nivå som før.

Det er for tidleg å seie noko sikkert om kor mange postkontor som framleis vil eksistere ved gjennomføringa av førehandsrøystinga i 2001, og kor mange kommunar som då ikkje kjem til å ha ordinært postkontor. Omfanget av Post i Butikk vil likevel auke alt innan stortingsvalet og sametingsvalet i 2001, samtidig som talet på postkontor blir redusert tilsvarende. Den totale mengda av poststader vil dessutan auke med minst 200 når omstruktureringa av ekspedisjonsnettets er gjennomført.

Det er oppnemnt eit utval som skal vurdere vallova og valordninga. Dette utvalet skal leggje fram innstilling til ny vallov i januar 2001. Utvalet skal mellom anna drøfte erfaringane med postrøystinga. Kontroll- og konstitusjonskomiteen i Stortinget bad dessutan i Innst. O. nr. 61 (1998-99) departementet ta initiativ til at utvalet greier ut spørsmålet om førehandsrøysting ved postfilialar.

I høyringsnotatet understreka departementet at det er viktig å sikre gode høve til å førehandsrøyste i alle kommunane i landet. Lettare tilkomst var den viktigaste grunngevinga for å innføre postrøystinga. Førehandsrøysting til landpostbod er eit godt tilbod der det finst landpostruter, og det vart i høyringsnotatet ikkje lagt opp til endringar i gjennomføringa av førehandsrøysting til landpostbod. Dei fleste veljarane røystar likevel på postkontor og ikkje

Om lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven)

til landpostbod, på institusjonar osv. Det synest derfor å vere eit stort behov for å kunne førehandsrøyste også på ein fast stad i kommunane. Dersom det ikkje blir høve til å røyste andre stader i kommunar der postkontoret blir lagt ned, vil det kunne føre til at ein del veljarar som ønskjer å førehandsrøyste, lèt vere å førehandsrøyste fordi tilkomsten blir for dårleg. Departementet meinte derfor at ei lovendring ikkje burde vente til det ligg føre ny vallov.

Etter gjeldande rett er det Posten som har ansvaret for å gjennomføre førehandsrøystinga, og det er tilsette i Posten som fungerer som røystmottakarar. Departementet gav uttrykk for at ei vurdering av kven som bør ha ansvaret for gjennomføringa av førehandsrøystinga, er av ei så prinsipiell art at det ikkje er naturleg at det blir foreslått endringar i dette ansvaret så lenge Vallovutvalet evaluerer postrøystinga. Departementet la derfor i høyringsnotatet til grunn at det framleis er Posten som skal ha ansvaret for gjennomføringa av førehandsrøystinga. Eventuelle endringar bør vurderast av Vallovutvalet og drøftast i samanheng med framlegging av forslag til ny vallov.

Posten har tilbode å gjere poststadene Post i Butikk tilgjengelege for førehandsrøysting, slik at vanleg førehandsrøysting skal kunne gjennomførast på minst éin fast stad i kvar kommune. Ved inngåing av avtalar med butikkjeder og andre samarbeidspartnarar vil Posten sikre seg plass for røysting på dei aktuelle stadene. Av konsesjonsvilkåra til Posten følgjer det at det skal vere minst eitt postkontor eller kontraktspostkontor (Post i Butikk/offentleg servicekontor) i kvar kommune, og dermed vil ei lovendring som opnar for røystmottak også ved kontraktspostkontor, innebære at det blir mogleg å halde allmenn førehandsrøysting i alle kommunar i landet.

Departementet gjekk ut frå at ved å opne for førehandsrøysting ved kontraktspostkontor, vil røystestadene bli lett tilgjengelege. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det i nokre kommunar kan vere meir formålstenleg å leggje førehandsrøystinga til ein annan stad. Departementet meinte derfor at lova bør opne for mottak av førehandsrøyster også andre stader, som til dømes kommunehuset.

Det er Posten som har ansvaret for å gjennomføre postrøystinga. Det bør derfor vere Posten som avgjer kvar førehandsrøystinga skal gå føre seg. Avtalen mellom departementet og Posten om gjennomføring av postrøystinga vil likevel leggje til grunn at departementet kan instruere Posten om å halde førehandsrøysting på stader der Posten i utgangspunktet ikkje ønskjer å halde røysting. I tillegg vil det vere naturleg at Posten konfererer med dei aktuelle kommunane før det blir avgjort kvar førehandsrøystinga skal gå føre seg.

Forslaget til lovendring er grunnleggjande i eit ønske om å kunne tilby førehandsrøysting på faste stader også i kommunar som kjem til å bli utan ordinært postkontor. Det vil derfor ikkje bli halde førehandsrøysting ved alle kontraktspostkontor. Dette vil i utgangspunktet berre vere aktuelt i kommunar utan postkontor. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det i enkelte kommunar, til dømes på grunn av geografiske og kommunikasjonsmessige tilhøve, unntaksvis kan vere behov for å gjennomføre førehandsrøysting til dømes ved Post i Butikk og/eller offentleg servicekontor endå om det ligg eit ordinært postkontor i kommunen.

Stader der det blir vedteke å ta imot førehandsrøyster, vil Posten bemanne med autoriserte røystmottakarar. Erfaringane frå vala i 1997 og 1999 viser at

forholdsvis få veljarar røystar i førstninga av førehandsrøysteperioden. Dei fleste vel å førehandsrøyste dei to siste vekene før valdagen. Dette tilseier at det ikkje er behov for å kunne førehandsrøyste kvar dag i førstninga av perioden. På andre stader enn på postkontor der Posten vedtek å ta imot førehandsrøyster, vil dei tilsette i Posten i utgangspunktet berre vere til stades for å ta imot førehandsrøyster. Det vil derfor bli urimeleg dyrt å halde førehandsrøysting på desse stadene dersom det skal vere høve til å førehandsrøyste alle dagane i perioden. Departementet gav dessutan i høyringsnotatet uttrykk for at opningstidene burde kunne variere alt etter på kva tidspunkt ein er på i førehandsrøysteperioden, slik at opningstida blir utvida etter kvart som perioden nærmar seg slutten. Dei tre siste vekene før valdagen bør det vere mogleg å førehandsrøyste kvar dag. Eit slikt opplegg vil ikkje vike særleg av frå det som har vore tilfellet ved tidlegare val, der nokre mindre postkontor berre har hatt ope enkelte dagar i veka og med til dels svært korte opningstider.

For å kunne førehandsrøyste må veljarane ha med seg valkort. Alle veljarar får tilsendt slikt valkort i posten. Ved valet i 1997 kunne veljarane vende seg til kommunane for å få skrive ut nytt valkort (duplikatvalkort) dersom dei hadde mista det originale valkortet sitt. Når det galdt veljarar på institusjon, var det Posten som skreiv ut nye valkort. Ved evalueringa av valet i 1997 gav ein del kommunar uttrykk for at mangelfullt utfylte duplikatvalkort i ein del tilfelle gjorde det vanskeleg å identifisere veljaren. Enkelte røystgivingar måtte ein derfor forkaste. Dessutan var det av og til vanskeleg å identifisere veljaren fordi handskrifa var nærmast uleseleg.

Ved valet i 1999 tok Posten over alt ansvaret for å fyller ut duplikatvalkort. Dessutan fekk Posten elektronisk tilgang til manntalet. På postkontora, der dei fleste førehandsrøystar, vart det derfor mogleg å skrive ut duplikatvalkort maskinelt basert på opplysningane i manntalet. Dette vart gjort på dei maskinane som funksjonærane har i skranken. Duplikatvalkorta inneheldt derfor meir utfyllande opplysningar og var enklare å tyde ved valet i 1999 enn ved valet i 1997.

Ved førehandsrøysting i Post i Butikk vil røystmottakaren - etter det departementet har fått opplyst av Posten - ikkje ha tilgang til manntalet. Dette fører med seg at eventuelle duplikatvalkort i utgangspunktet må fyllast ut for hand, basert på opplysningar frå veljaren. Enkelte veljarar kan komme til å oppgi feil opplysningar, noko som i sin ytste konsekvens kan føre til at røystinga blir forkasta. Kvaliteten på nokre av duplikatvalkorta vil derfor kunne bli noko redusert samanlikna med valet i 1999.

5 Høyringsinstansane

Nærmast alle høyringsinstansane sluttar seg anten til lovforslaget eller dei har ikkje merknader til forslaget. Masfjorden kommune uttalar:

«Masfjorden kommune har positive erfaringar med at det er høve til å førehandsrøyste hjå landpostbod og på postkontor. Dersom postkontora blir lagt ned, er det svært viktig at det blir opna for at Post i Butikk og off. servicekontor får høve til å ta imot førehandsrøyster.»

LO og Vallovutvalet ønskjer ikkje førehandsrøysting på Post i Butikk. Vallovutvalet, som har avgjort at det vil gi merknad til høyringa sjølv om det ikkje er ferdig med arbeidet sitt, seier:

«Den fysiske rammen rundt selve forhåndsstemmegivningen må også være slik at den enkelte velger føler seg bekvem og trygg på at grunnleggende sikkerhetsregler blir ivaretatt. Å avgi stemme ved frie valg er vår viktigste demokratiske rettighet og rammen rundt valget må være preget av at dette er en spesiell handling. Utvalget vil allerede nå signalisere at en ikke kan se for seg en ordning der forhåndsstemmegivning skjer på bensinstasjoner, i supermarkeder og butikker. Dette må etter utvalgets mening innebære at en også ved valget i 2001 finner andre løsninger for avgivelse av forhåndsstemmer i de deler av landet der ordinære postkontorer er eller blir nedlagt. Det vil være naturlig at en her for eksempel finner ordninger sammen med kommunene slik at tilgjengeligheten til forhåndsstemmegivningen blir opprettholdt.»

LO seier:

«... deltakelse i valgtinget er en så vidt viktig og høytidelig handling at den ikke bør legges til butikker eller bensinstasjoner.»

NHO meiner:

«... forslaget om adgang til å motta forhåndsstemmer på andre steder enn ordinære postkontorer er en positiv og nødvendig tilpasning for å sikre fortsatt lik adgang til å delta ved valg.»

Fylkesmannen i Buskerud uttalar seg slik om spørsmålet om tryggleiken ved førehandsrøystinga:

«Ut fra at den norske valgordningen til alle tider har vært preget av at en setter hensyn til trygghet svært høyt, ber en om at regelverk og rutiner omkring forhåndsstemmegivningen blir drøftet og grundig gjennomgått.»

Nokre høyringsinstansar meiner at Vallovutvalet bør vurdere andre løysingar på sikt. Møre og Romsdal fylkeskommune seier det slik:

«På bakgrunn av utviklinga i talet på postkontor, føreset fylkeskommunen at det blir vurdert å føre ansvaret for førehandsrøystinga attende til kommunane når innstillinga frå vallovutvalet ligg føre.»

Om lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven)

Enkelte kommunar understrekar at det må vere Posten som har ansvaret for å ta imot førehandsrøystene òg på andre stader enn ordinære postkontor. Rygge kommune uttalar såleis:

«Det må vere en forutsetning at det er Postens egne ansatte som har ansvaret for mottak av forhåndsstemmer.»

Nokre få kommunar uttalar at det bør vere mogleg å førehandsrøyste andre stader sjølv om det er eit ordinært postkontor i kommunen.

Enkelte kommunar meiner at Posten må samrå seg med kommunane før Posten vedtek kvar førehandsrøystinga skal skje. Nokre kommunar meiner òg at kommunane må få bestemme røystestaden.

Berre nokre få kommunar seier noko om spørsmålet om redusert opningstid for førehandsrøysting som går føre seg utanfor dei ordinære postkontora. Krødsherad kommune og Ålesund kommune meiner det må vere mogleg å førehandsrøyste i røystelokala i heile opningstida. Sula kommune og Bærum kommune seier at ei innskrenking kan akseptast. Bærum kommune uttalar i denne samanhengen:

«Erfaringsmessig fra valgene i 1997 og 1999 ble det avgitt flest forhåndsstemmer de to siste ukene før valgdagen, derfor kan det aksepteres at postfilialer har en varierende åpningstid frem til to uker før valgdagen.»

Sula kommune seier:

«Vi har forståing for at det, i alle fall i periodar og på mindre stader, er sløsing med ressursar å ha Posten sitt personale til stades på postfilialane heile dagen. Det må likevel vere ein føresetnad at opningstida for førehandsrøysting ikkje vert lagt til midt på dagen då dei fleste er på arbeid, men slik at veljarane kan rekke å røyste etter arbeidstid».

Nokre høyringsinstansar har òg hatt merknad til at det i høyringsnotatet blei sagt at ved førehandsrøysting på kontraktspostkontor vil røystmottakaren ikkje ha tilgang til manntalet, noko som lettare vil kunne føre til feil ved utfylling av duplikatvalkort. Kommunenes Sentralforbund har ein slik merknad:

«I departementets oversendingsbrev er det sagt at det i utgangspunktet bare vil være aktuelt å åpne for slik stemmegivning i kommuner uten ordinært postkontor - altså ganske små kommuner. Vi reiser derfor spørsmålet om ikke slike forhåndsstemmeholdere må kunne ha tilgang til papirversjonen av manntallet i alle fall for egen kommune.»

Posten seier:

«... kvaliteten på duplikatvalgkortene [bør] kunne forbedres vesentlig ved at det på disse kortene brukes fødselsnummer.»

6 Vurdering og forslag frå departementet

Departementet vil foreslå at vallova § 33 andre ledd første punktum blir endra, slik at det blir mogleg for Posten å arrangere førehandsrøysting i høvelege kommunale lokale. Departementet har komme til at ein ikkje bør opne for førehandsrøysting på Post i Butikk.

Få høyringsinstansar har merknader til kvar det bør vere mogleg å førehandsrøyste, til dømes på Post i Butikk eller i kommunale lokale. Vallovutvalet ønskjer ikkje førehandsrøysting på Post i Butikk. Utvalet meiner at ein bør finne ordningar saman med kommunane.

Departementet vil understreke at dei same krava til tryggleik m.m. vil gjelde ved førehandsrøysting andre stader enn på postkontor som på postkontor. Dette skal ein sikre mellom anna ved opplæring av røystmottakarane, gjennom retningslinjer for røystinga, som m.a. krev at det blir sett opp røysteavlukke på den enkelte røystestaden, ved at ein nyttar valurner, og ved rutiner for oppbevaring og framsending av dei gitte røystene. Departementet vil leggje stor vekt på desse forholda i sitt samarbeid med Posten om korleis førehandsrøystinga skal skje.

Det vil vere lettare å skape ei høgtidleg og verdig ramme rundt førhandsrøystinga dersom ho går føre seg i kommunale lokale enn om ho går føre seg i butikkar eller på bensinstasjonar. Departementet har derfor komme til at ein ikkje bør opne for førehandsrøysting på Post i Butikk, men berre i kommunale lokale. I kommunar utan ordinært postkontor må Posten ta kontakt med kommunen for å komme til ei avtale om at kommunen stiller eit høveleg lokale til disposisjon for Posten ved førehandsrøystinga. Departementet vil følgje opp dette i sitt samverke på Posten, mellom anna i avtala om førehandsrøystinga.

Det følgjer av vallova § 32 bokstav a at Posten skal utnemne røystmottakarar blant dei tilsette i Posten. Det er ikkje foreslått endring i dette.

Dersom geografiske omsyn gjer at det er eit spesielt stort behov for å kunne røyste meir enn éin stad i nokre kommunar, vil departementet vurdere dette saman med Posten. Departementet finn det ikkje riktig å lovfeste at det er kommunane som skal avgjere kvar ein skal kunne førehandsrøyste. Dette vil gripe inn i Posten sitt ansvar for førehandsrøystinga.

Når det gjeld spørsmålet om avgrensa opningstid for andre røystelokale enn ordinære postkontor, har det ikkje komme fram særlege innvendingar mot dette i høyringa. Departementet vil derfor leggje opp til nokre innskrenkingar i høvet til å førehandsrøyste i starten av perioden, for så å utvide høvet til å røyste etter kvart som valdagen nærmar seg. I dei tre siste vekene før valdagen skal det vere mogleg å røyste kvar dag.

I høyringsnotatet blei det opplyst at røystmottakarane på Post i Butikk ikkje ville få tilgang til manntalet. Dette kunne føre til at kvaliteten på nokre duplikatvalkort blei dårlegare enn ved valet i 1999. Dersom det ikkje er mogleg å identifisere veljaren, kan ein ikkje godkjenne røystinga. Det bør derfor, som KS er inne på, undersøkjast om det ikkje er mogleg å gi røystmottakarar på andre stader enn ordinære postkontor tilgang til ein papirversjon av manntalet, i alle fall for eigen kommune. Ein slik tilgang vil kunne krevje løyve

Om lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven)

frå Sentralkontoret for folkeregistrering og eventuelt Datatilsynet. Departementet vil arbeide for å skaffe røystmottakarane på andre steder enn ordinære postkontorer eit slikt papirmanntal. For dei tilfella der ein ikkje har manntalet, vil ein dessutan kunne identifisere veljaren ved å påføre fødselsnummeret til veljaren på duplikatvalkortet.

Etter departementet sitt syn vil kvaliteten på duplikatvalkort laga på på andre steder enn ordinære postkontorer bli like bra som duplikatvalkort laga på ordinære postkontor dersom røystmottakarane får tilgang til eit papirmanntal og/eller skriv fødselsnummeret til veljaren på kortet.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa som blir foreslått, kan føre med seg noko auka statlege utgifter i samband med gjennomføringa av førehandsrøystinga. For det meste vil dette dreie seg om dekning av lønn og transportutgifter til røystmottakarane. Reduserte utgifter som ei følgje av færre ordinære postkontor vil likevel truleg vege opp for ein del av dei utgiftene endringa fører med seg. Dette fordi det mest truleg vil bli nokre færre personar som må gjennomgå opplæring, samtidig som ein reduksjon i talet på ordinære postkontor vil redusere dei administrative utgiftene.

Det er til så lenge vanskeleg å seie noko sikkert om lovendringa vil auke eller redusere dei totale statlege utgiftene. Dette heng mellom anna saman med om ein får til å gjere papirmanntalet tilgjengeleg på dei stadene der det blir vedteke å ta imot førehandsrøyster, og kor raskt Posten greier å leggje om ekspedisjonsnettlet sitt. Ein eventuell auke i utgiftene som følgje av lovendringa vil bli dekt innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Administrativt vil lovendringa innebere noko meir arbeid, særleg for Posten i samband med administrasjon av røysting på andre stader enn på ordinære postkontor. På den andre sida vil det bli færre ordinære postkontor å administrere. Dette inneber at lovendringa totalt sett truleg ikkje vil føre til meir administrativt arbeid for Posten.

Administrativt vil lovendringa også innebere noko meir arbeid for dei kommunane som stiller eit kommunalt lokale til disposisjon for Posten ved førehandsrøystinga.

8 Merknader til lovutkastet

Til § 33 andre ledd første punktum:

Etter gjeldande rett skal førehandsrøysting innanriks, bortsett frå på Svalbard og Jan Mayen, skje på postkontor, på landpostruter eller på institusjonar der Posten har vedteke å ta imot førehandsrøyster. I tillegg har sjuke og uføre på nærmare vilkår høve til å førehandsrøyste der dei oppheld seg, sjå vallova § 36. Det er berre høve til å førehandsrøyste på postkontor som er drivne av Posten sjølv. Det er såleis ikkje tillate å røyste på postfilialar (Post i Butikk).

Lovendringa gjer det mogleg å ta imot førehandsrøyster i kommunale lokale òg. Førehandsrøysting etter denne regelen kan gå føre seg i alle lokale der kommunal verksemd held til, jf. kommunelova § 2, til dømes på bibliotek, offentleg servicekontor eller kommunehuset. Grunngevinga for endringa er at også veljarane i kommunar utan postkontor drivne av Posten sjølv skal kunne førehandsrøyste på ein fast stad i kommunen. I praksis vil slik førehandsrøysting vere mest aktuell i kommunar utan postkontor drivne av Posten sjølv, og berre éin stad i kvar kommune. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det i enkelte kommunar, til dømes på grunn av geografiske og kommunikasjonsmessige tilhøve, unntaksvis kan vere behov for å gjennomføre førehandsrøysting fleire stader.

Posten kan vedta å ta imot førehandsrøyster i alle kommunale lokale som høver for mottak av førehandsrøyster. Eit minstekrav er at det må vere mogleg for veljaren å leggje røystesetelen ned i røystesetelkonvolutten utan at andre kan sjå kva for parti/liste veljaren røystar på. Dette blir ordna ved å bruke eit røysteavlukke.

Tilvisinga til tredje ledd er ikkje nødvendig, og er derfor oppheva.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endring i lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven)

I

Lov 1. mars 1985 nr. 3 om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg (Valgloven) § 33 andre ledd skal lyde:

Stemmegivning for stemmemottaker etter § 32 bokstav a foregår enten på et postkontor, på en landpostrute eller på en institusjon *eller i et egnet kommunalt lokaløder* statens postselskap har besluttet å motta *forhåndsstemmer*. Stemmegivning for stemmemottaker etter § 32 bokstav b foregår der sysselmannen har bestemt. Stemmegivning for utenriktjenestemann ved norsk utenriksstasjon foregår ved stasjonen. Stemmegivning i overvær av stemmemottaker utenfor riket oppnevnt av Kongen og på Jan Mayen foregår der Kongen bestemmer. Stemmegivning etter § 32 bokstav e og f foregår ombord på vedkommende fartøy eller innretning. Foregår stemmegivningen på sykehus, fødehjem, sykehjem (pleiehjem), aldershjem eller annen institusjon beregnet på pleie, opphold eller behandling for personer som er syke, uføre e.l., kan stemmer mottas også på pasientrommene. Stemmer kan også mottas hjemme hos personer som oppholder seg i trygdeboliger eller lignende boliger med umiddelbar tilknytning til slik institusjon som nevnt i foregående punktum.

II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.
